



Arkivnr: 2015/8173-187  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.02.2016

### Rovviltnemnda - nyval

#### Samandrag

Jostein Ljones vart oppnemnd som Hordaland fylkeskommune sitt medlem i Rovviltnemnda Vest 8. desember 2016, med Natalie Golis som varamedlem, jfr. FT-sak 97/15 .

I rovviltforskrifta vert det spesifisert at: «*Alle medlemmer og varamedlemmer av rovviltnemnden skal ha fast plass i fylkestinget eller Oslo bystyre. Dersom fylkeskommunen har fylkesutvalg, skal alle medlemmer fra fylkeskommunen også ha fast plass i fylkesutvalget.*»

Jostein Ljones er ikkje fast medlem i fylkestinget eller i fylkesutvalet og kan dermed ikkje verte vald som medlem i rovviltnemnda. Natalie Golis er fast medlem av fylkestinget, men sit ikkje i fylkesutvalet, og kan såleis heller ikkje verte vald som varamedlem. Eit nytt medlem og varamedlem må difor verte oppnemnt. Det må vere eit mannleg medlem og eit kvinneleg varamedlem. Av tidsomsyn vert saka lagt fram for fylkesutvalet.

#### Forslag til vedtak

1. Som medlem i Rovviltnemnda Vest vert ..... oppnemnd for valperioden 2016-2020.
2. Som varamedlem i Rovviltnemnda Vest vert ..... oppnemnd for valperioden 2016-2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*